



Figur 1. Vaksne kirsebærfluge på søtkirsebær (kilde: www.inra.fr/internet/produits/HYPPZ/RAVAGEUR/6rhacer.htm)

Fakta om arten:

Kirsebærfluge (*Rhagoletis cerasi* L.)

Gunnhild Jaastad
Bioforsk Vest, Ullesvang
gunnhild.jaastad@bioforsk.no

Kirsebærfluge er ein av dei viktigaste skadedyra i søtkirsebær i Europa. Dei vaksne flugene legg egg i bæra, og larvene utviklar seg inni bæra. Skadde frukter vert mjuke, rotnar lettare og har ei larve inni. Ved høge temperaturar vil kirsebærfluga vere meir aktiv og gjere større skade, men når temperaturen er under 16 °C er fluga lite aktiv. I Noreg er arten registrert både på Sørlandet, Austlandet, i Telemark og Indre Hardanger.

Utsjånad

Den vaksne fluga er 4-6 mm (Figur 1), har svart kropp og har ein gul flekk på ryggen. Vingene har eit karakteristisk, svart mønster på dei gjennomsiktige vingene. Larvene er kvite, dei manglar bein og hovudkapsel og er om lag 5 mm. Puppene er gulaktige og om lag 5 mm lange.

Livssyklus

Kirsebærfluga overvintrar som pupper i jorda. Dei klekkjer vanlegvis i juni/juli. Klekketidspunkt er avhengig av temperaturar, men er synkronisert med mogning av søtkirsebær. Sverming og paring

startar om lag ei veke etter klekking og egglegging startar om lag to veker etter klekking. Hoene legg eggja like under overflata på bæra, og larvene utviklar seg inni bæra. Hoene legg egg når bæra er gul/raude på farge. Vanlegvis legg hoene berre eit egg i kvart bær, og ei hoe kan leggje opp mot 200 egg. Både sverming og egglegging er avhengig av klima. Ved temperaturar under 16 °C er flugene lite aktive. Larvene går gjennom tre larvestadium før dei et seg ut av bæra og forpuppar seg i jorda (Figur 2 og 4).

Skadebilete

Egg og unge larver i bæra er vanskeleg å sjå. Etter kvar som larvene utviklar seg vert bæra litt blaute og kan rotne. Utgangsholet til larvene er rundt og er 1-2 mm (Figur 3 og 4).

Utbreiing og vertsplanter

Kirsebærfluga er utbreidd i dei fleste europeiske land, og er ein av dei viktigaste skadegjerarane i søt-kirsebær i Europa. I Norge finst fluga på Sør- og Austlandet, men er også registrert i Indre Hardanger og Telemark. Utbreiinga i Norge er ikkje jamn, det er stor forskjell i fangst og angrep innan eit begrensa område og mellom år. Utanom søtkirsebær har kirsebærfluga nokre artar av leddved som vertsplanter for egglegging. Dei vanlegaste artane er vanleg leddved (*Lonicera xylosteum*), tartarleddved (*L. tartarica*) og *L. morrowii*.

Tiltak

Gule limfeller (Rebell) kan nyttast for å registrere om kirsebærfluge finst i hagen (kan tingast frå www.biocontrol.ch). Gulfargen virkar tiltrekkande på flugene, og limen gjer at dei sit fast. Ei meir sikker registrering av førekomst er gule limfeller med feromonkapsel (kan tingast frå www.pherobank.com). Kjemiske tiltak kan setjast inn mot vaksne, men for å vere effektivt må plantevernmiddelet treffe flugene. Systemiske middel og middel med god djupneverknad kan nyttast mot egg og nyklekte larver. Tiltak bør setjast inn ved egglegging, men før larvene er klekte.

Referansar

Ausland, O. 1951. Kirsebærflua (*Rhagoletis cerasi* L.) i Norge. En orientering om dens biologi og bekjemping. Melding fra statens plantevern 5, 35 s.

Boller, E. 1966. Beitrag zur Kenntnis der Eiablage und Fertilität der Kirchenfliege *Rhagoletis cerasi* L. Mitt. Schweiz. Ent. Ges. 38: 193-202.

Edland, T. 1990. Kirsebærflue *Rhagoletis cerasi* (L.) - og andre skadelege fruktfluger på kirsebær. Gartneryrket 80: 16-18.

Jaastad, G. 1998. Mating behaviour and distribution of the European cherry fruit fly (*Rhagoletis cerasi* L.) in Norway; applied and evolutionary research aspects on an insect pest. Dep. of Zoology, University of Bergen, ISBN 82-992402-9-8

Jaastad, G. 1994. First registration of the cherry fruit fly, *Rhagoletis cerasi* (L.) in Western Norway; distribution, size and origin of the population. Norw. J. Agri. Sci. 8: 203-214.



Figur 2. Pupper av kirsebærfluge (kilde: www.inra.fr/internet/produits/HYPPZ/RAVAGEUR/6rhacer.htm)



Figur 3. Skade av kirsebærfluge i søtkirsebær (kilde: www.inra.fr/internet/produits/HYPPZ/RAVAGEUR/6rhacer.htm)



Figur 4. Larve av kirsebærfluge på veg ut av bæret (kilde: www.inra.fr/internet/produits/HYPPZ/RAVAGEUR/6rhacer.htm)

Katsoyannos, B.I., Böller, E.F. and Benz, G. 1986.
Das Verhalten der Kirchenfliege, *Rhagoletis cerasi*
L., bei der Auswahl der Wirtsplanzen und ihre
Dispersion. Mitt. Schweiz. Ent. Ges. 59: 315-335

www.hagis.no

www.pmc.gr/cherry_fruit_fly.htm

www.ento.vt.edu/fruitflies/eff.html

Fagredaktør denne utgaven:
Trond Hofsvang

Ansvarlig redaktør:
Forskningsdirektør Nils Vagstad, Bioforsk


ISBN 82-17-00103-0
ISBN 978-82-17-00103-4

www.bioforsk.no

Bioforsk:

Trygg matproduksjon, rent miljø og økt
verdiskapning basert på langsiktig
ressursforvaltning

- Lokalisert over hele Norge
- Organisert i sju sentra
- 500 medarbeidere
- Omsetning 320 mill. kr



Bioforsk, Fr. A. Dahlsvei 20, 1432 ÅS
Tlf. 64 94 70 00
Faks. 64 94 70 10
post@bioforsk.no